

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

Onsdag 14. februar 2007, klokka 18.00 -22-30

Det møtte 52 delegatar med røysterett.

Sak 1 Velkommen / opning – Vegard Opheim

Vegard ynska velkomen til årsmøtet. Audhilds spelte ”*pols etter Nils Jonsa Færagen*”. Deretter var det eit min stilla til minne om medlemar som har gått bort i året som gjekk.

Sak 2 Konstituering – Vegard Opheim

2.1 godkjenning av innkalling – Det var ingen merknader til innkallinga.

2.2 godkjenning av saklista – Vegard inviterte årsmøtet til eit kort ordskifte om laget generelt, under sak 3. Han gjorde framlegg om kaffipause omlag 19.30 (mellom sak 5 – 6)

Framlegg til sak 9, må vera ordstyrarbordet i hende innan pausen.

Saklista vart samrøystes godkjend

2.3 val av ordstyrarar – Kjersti Flatråker og Oddrun Samdal. Deretter hadde årsmøtet ein kort presentasjonsrunde.

2.4 val av skrivarar – Sverre M. Sundvor og Gro Vetås.

2.5 val av protokollunderskrivarar – Kjell G. Søholt og Ingvild K. Mehl

2.6 val av teljekorps – Arvind Underli og Torgrim Ljones

Sak 3 Årsmøtetale

3.1 Laget – Vegard Opheim

«*Kan du låne ut kroppen din til ei god sak?*» Vegard snakka om korleis ein organisasjon som vår kan fungera organisatoisk enkeltfordi det er ein del av ei organisasjonsform og kultur som bygger på ulike system og tatt var på i lang tid. Medlemane er med på å vidareformidla ikkje handfast kultur. Dette er verdifull arv å forvalta. Dersom ein treff målgruppa kan ein nytta enkle kommunikasjonsformer. At laget har eigne hus er viktig. Han snakka vidare om at dugnadsviljen i laget ikkje død dugnaden i Fensal i 2006 syner dette! Vidare snakka han om det å vera synleg i lokalmiljøet. Og at laget kanskje er meir synleg i lokalmiljøet enn ein trur.

3.2 Koret – Ingunn Røstbø

8 av 35 medlemar i koret er nye i år. God rekruttering. Godt miljø. Ulike undergrupper, som td. turgruppa – kor è bålet. Koret vurderar å ta del i ein festival / konkurrans i Bergen i september.

3.3 Barnelaget – Ingeborg Nilsen

Ho tok uangspunkt i arbeidet i nemnda. Bra samarbeid. Faste øvingar barnelaget og familiegruppa. Totalt omlag 35 barn. Faste øvingar går bra.

3.4 Folkedanslaget – Ingvild K. Mehl

Folkedanslaget driv faste øvingar, dansekveldar og kurs. Kjekt arbeid. Utfordringa er at det er mykje som skjer, og dermed mykje å halda styr på.

Generelt ordskifte knytt til lagsdrifta:

*Rekruttering / inkludering? Glede av aktivitetane. Identifisering. Kjem nokre nye, men det kjem færre nye enn det forsvinn gamle – dårleg tendens. Fornying lagar ny

giv. Satsa mest på rekruttering. Me må verta betre på å inkludera nye. Ver merksam på nye. Utfordring i høve vidare rekruttering er vanskeleg. Korleis skal me koma på bana?

*Kos – ta vare på dei som alt er med i laget. Laga tiltak for dei over 50 år også. Dei som ikkje er så spreke lenger... seniorgruppa?

*Dugnad – var gamledagar betre enn no? Like bra dugnadsånd i dag også. Over 100 ulike innom på dugnad i 2006.

*Laget som heilskap – fleirkulturelle samarbeid er bra! Bule si rolle?

*Svingopplæring – kan gje gode innteketer til laget?

Desse hadde ordet i saka: Øystein Erstad, Torgrim Ljones, Bjørn Elde, Endre Kleiveland, Endre Brunstad, Ingeborg Nilsen og Vegard Opheim.

Sak 4 Årsmelding 2006 for Bergen ungdomslag Ervingen

- a. Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen - Borghild Opdahl frå styret innleia saka.

Framlegg frå Øystein Ask: Stryk siste avsnitt i punkt 6: Øystein Ask har tatt foto av bunadskledde lagsfolk. **(Vedteke)**

Framlegg frå Steinar Kyrkjebø: Sett inn eit nytt punkt under punkt 19: 19. februar, framhald av årsmøte, Gimle. **(Vedteke)**

- b. Melding frå Selsvikfondet og Eigedomsfondet – Torgrim Ljones frå fonds- og eigedomsstyret innleia.

Fondsmidlar bør stå som eigen post, ikkje under lagsrekneskapet. Det bør vera ei melding frå aksjeselskapa om kven som sit i styra der. Det burde komme melding til årsmeldinga til laget.

Framlegg om å ta med noko om lotteriet i årsmeldinga.

- c. Melding frå Ervingen AS og Lagsbruki til Bul i Bergen LL – Øystein Erstad

Fonds og eigedomsstyret møter, for laget, som eigarar i generalforsamlinga i aksjeselskapa. Laget har 65 av 70 aksjer i Ervingen as. Drifta av Gimle går i balanse, vesentlig inntekt frå utleige i 1. etasje til designer butikken. I tillegg har selskapet eigd ein post i Torgegården AS. Her var litt turbulent eigarforhold. Ervingen as selde denne posten i 2006 for omtrent 3x8mill. Grunnen til salet var at ervingen as ikkje hadde noko påverknad i selskapet. Planlegg å plassera sals vinsten i ein teneleg modell for strukturen av laget sine eigeinteresser.

Lagsbruki LL har hatt eit krevjande arbeidsår. Hotell Hordaheimen har fått ny dagleg leiar. Ein har drive med ombyggingar på hotellet, og i Fensal.

- d. Melding frå Kyrkjenemnda – Norvald Erstad la fram saka.

17.mai gudstenesta er viktig som nynorskgudsteneste. Det var om lag 350 frammøtte på denne gudstenesta. Problematisk å få folk til å sitte i kyrkjenemnda.

Desse hadde ordet i saka: Øystein Ask, Vegard Opheim, Steinar Kyrkjebø, Eldbjørg Gunnarson, Hans Nyeggen, Kari Færeveag og Øystein Ask.

Tilråding frå rådet 30. januar:

Rådet tilrår årsmeldinga med dei endringane og tilføyningane som er gjort på møtet. Styret får fullmakt til å gjera årsmeldinga ferdig basert på diskusjonen.

Årsmøte vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga med dei endringane som kom fram på møtet.

Årsmøtet godkjenner årsmelding frå Selsvikfondet

Årsmøtet tek melding om arbeidet i Kyrkjenemndi til vitande.

Årsmøte song "Tytebæret". Deretter var det kaffipause (19.30 – 20.00)

Sak 5 Rekneskap for 2005

a Lagsrekneskapen

Kari Færevaaq frå styret innleia saka.

Ved hjelp av overføringar frå fond har vi fått ein rekneskap som i 2006 går med eit overskot på kr 32 260,-

Inntekter	kr 1 295 935,-
- Kostnader	kr 1 263 675,-
= Resultat	kr 32 260,-

Overskotet vil bli disponert med ei overføring tilbake til fondet.

Den største inntektsposten består av offentlige tilskot frå mellom anna Bergen Kommune, Gilde Fondet samt eit tilskot til prosjektet "Open & Inkluderande".

Under ymse posten finn vi inntekter som:

- NU-kurs
- 100-års markeringa til NM

På kostnadsida har vi følgjande store postar: honorar, lønnskostnadar og medlemspengar (HU, NU, etc.), som alle er meir eller mindre bunde direkte opp til drifta av laget. Under ymse posten finn vi kostnadar som:

- 100-års markeringa til NM
- Logo-utgifter

Den økonomiske utfordringa til laget er å halda kostnadane nede, og å skapa ny(e) inntektsgjevande tilskipingar. Ho las revisormeldinga.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Øystein Ask og Vegard Opheim.

Tilråding frå rådet 30. januar:

Rådet tilrår rekneskapen for 2006 med atterhald om godkjenning av revisorane. I tråd med årsmøtevedtak skal overskotet tilbakeførast til Eigedomsfondet.

b Rekneskap for Selsvikfondet og Eigedomsfondet

Vedtak:

Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2006, overskotet på kr 32260 vert tilført Egedomsfondet.
Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2006 for Selsvikfondet og Egedomsfondet

Sak 6 Arbeidsprogram 2007 - 2008

Endre Kleiveland frå styret innleia saka.

Arbeidsprogrammet er kort og konsist. Lett å forstå og å følgja.

*godt arbeidsprogram

*kva ligg i punktet om forretningsdrift / fond? - to fond kan godt bli eit..

Ytring frå rådet 30. januar:

Rådet ga ros til styret for godt arbeid. Mange gode innspel – det krevst eldsjeler for å driva fram oppgåvene. Arbeidsprogrammet kan framleis strukturerast litt betre m.o.t. rekkefylgje og ein del formuleringar.

*Framlegg frå Torgrim: ta vekk delen av setninga om «...og halda fram med å samla forvaltninga av fonda» (Vedteke)

*Framlegg frå Kårmund: nytt punkt i arbeidsprogrammet: «arbeida for å aktivisera sterkare dei eldre medlemane i laget» (Vedteke)

*Steinar: søndagskveldane – jobb vidare med.

*Torgrim: bruka kvardagar, dagtid til klubb for eldre?

*Øyvind V: er søndag ein god dag for kulturelletilskipingar?

* Endre: poenget er ein fast dag – ikkje nødvendigvis søndag

*Vigleik: folkedans på skular - rekruttering

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Ole B. Ekornes, Gunn Inger Sture, Hilde H. Erstad, Vegard Opheim, Kårmund Myklebost, Steinar Kyrkjebø, Knut Malkenes, Øyvind Vatshelle, Endre Kleiveland og Vigleik Solvang.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek framlegget til arbeidsprogram for 2007-2008 med dei endringane som kom fram i møtet.

Sak 7 Budsjett 2007

Vegard Opheim frå styrte innleia saka.

Bergen ungdomslag Ervingen har, på same måte som dei to bondeungdomslaga før samanslåinga, finansiert ein del av drifta ved hjelp av overføringar frå fonda. D.v.s. at underskot på drifta er erstatta med midlar frå tidlegare overskot. Det budsjettet styret legg fram for 2007 har framleis eit underskot på drifta som må dekkast av kapitalinntekter. Styret gjer òg framlegg om at vedlikehald og investeringar på hytta på Eidsholmen vert teke frå Egedomsfondet. Styret legg til grunn same medlemstalet som budsjettet for 2006 legg opp til.

- Honorar instr. / dirigent
- billettinntekter? Nedgang – kvifor?
- Framsyningsinntekte?
- Frå eige fond?
- Dugnadsinntekt - lav?

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson, Ingunn Røstbø, Steinar Kyrkjebø, Håvard Ims, Rigmor N. Vaular, Vegard Opheim, Øystein Ask, Knut Malkenes, Endre Kleiveland, Torgrim Ljones og Oddrun Samdal.

Tilråding frå rådet 30. januar:

Rådet tilrår budsjettet for 2007, med ein del endringar som vart drøfta. Rådet ynskjer at budsjettet som hovedregel skal vera i balanse, men aksepterer at styret og laget må få nokre år til å byggja opp inntektsgejvande aktivitetar og samordna drifta. Underskot i denne perioden må dekkjast frå fonda.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek det framlagte forslaget til budsjett for 2007 og legg følgjande til grunn:

- Av overføringa frå Selsvikfondet er kr 16672 løyvt av fondsstyret av frie fondsmiddel for 2006, midlane skal gå til drift av laget. Kr 20 000 skal gå til dekking av utgifter til instruktørutdanning i folkedans og må søkast Selsvikfondet serskilt.
- Vedlikehald og investeringar på Eidsholmen blir løyvd frå Egedomsfondet etter egne vedtak i fondsstyret.

Sak 8 Medlemspengar 2008

Ordstyrarane innleia saka.

Vegard Opheim informerte om at det er sendt ut giro på kr. 650,- ikkje på kr. 700,- som skulle vore. Dette vert sak på første styremøte etter årsmøtet.

Desse hadde ordet i saka: Steinar Kyrkjebø, Kirsten Brekke og Vegard Oppheim,

Vedtak:

Medlemspengar 2008:

Vaksne	kr 700	(inga endring)
Ungdom t.o.m. 26 år	kr 500	(inga endring)
Barn	kr 450	(inga endring)

Sak 9 Fråsegner

Saka går ut, då det ikkje var kome inn framlegg til fråsegner.

Sak 10 Val

Hilde H. Erstad frå valnemnda innleia saka.

Folkedanslaget: Valnemnda har ikkje framlegg til leiar, og la fram eit framlegg med flat struktur.

Vedtak: Folkedanslaget konstituerar seg sjølv, og styret får fullmakt til å godkjenna.

Årsmøtet song «Nordmannen».

Barnelaget: Manglar framlegg til leiar. Valnemnda held fram arbeidet, og styret får fullmakt til å godkjenna.

Vedtak: Barnelaget finn leiar sjølv, og styret får fullmakt til å godkjenna.

Vara til bunadskontakten:

Framlegg frå Stig Vaular: Årsmøtet ber styret vurderer å fjerna tillitsvervet bunadskontakt fom 2008, og dermed endra styringsføresegnene. Kontoret administrerer utleige og spørsmål om kompetanse på bunadsspørsmål. (endring av styringsføresegner). Jmf arbeidsprogrammet.

Vedtak: Me vel ingen vara til bunadskontakt. Årsmøtet ber styret vurderer å fjerna tillitsvervet bunadskontakt fom 2008, og dermed endra styringsføresegnene.

Teaterlaget:

Vedtak: Teatergruppa finn medlem til nemnda og vel representantar blandt sine aktive medlemar, som styret godkjenner.

Vara til kyrkjenemndi:

Framlegg frå Oddrun Samdal: Oddrun Samdal som vara til kyrkjenemndi.

Vedtak: Oddrun Samdal vert vara til kyrkjenemndi.

Framlegg frå Øystein Erstad: Årsmøtet ber styret å vurderer å endra styreingsføresegner med siktemål å trekkja laget frå kyrkjenemnda.

Vedtak: Årsmøtet ber styret å vurderer å endra styringsføresegner med siktemål å trekkja laget frå kyrkjenemnda.

For 18

Mot 8

Framlegg frå Eldbjørg: Årsmøtet ber styret ta kontakt med dei andre eigarane av kyrkjenemnda, for konkret drøfting av vidareføring / endring av kyrkjenemnda sitt arbeid.

Vedtak: Årsmøtet ber styret ta kontakt med dei andre eigarane av kyrkjenemnda, for konkret drøfting av vidareføring / endring av kyrkjenemnda sitt arbeid.

For 19
Mot 12

Representant og vara til rådet i bygdelagsnemndi:

Framlegg frå Oddrun: Oddrun Samdal foreslår Oddrun Samdal som repr. til rådet i bygdelagsnemndi, og Endre Brunstad til vara til rådet i bygdelagsnemndi.

Vedtak: Representant til rådet i bygdelagsnemndi: Oddrun Samdal. Vara til rådet i bygdelagsnemndi: Endre Brunstad.

Tillitsvalde for 2007

Lagsstyret

Leiar attval 1 år
styremedlem ikkje på val
ikkje på val
attval 2 år
ny 2 år
vara ny 1 år
attval 1 år
attval 1 år

Tillitsvalde 2007

Vegard Opheim
Kari Færevaaag
Håvard Ims
Endre Kleiveland
Borghild M. Opdahl
Ragnhild Berg
Endre Brunstad
Sigrid Ølmheim

Rådet

leiar attval 1 år
medlemmer ikkje på val
ikkje på val
ikkje på val
attval 2 år
attval 2 år
attval 2 år
vara attval 1 år
attval 1 år
ny 1 år

Frode Myhra
Eldbjørg Gunnarson
Grete Oline Hole
Ole Ekornes
Stig Vaular
Astrid Sirnes
Stig Indrebø
Kårmund Myklebost
Oddrun Samdal
Hans Nyeggen

Folkedanslaget

leiar ny 1 år
medlemmer ikkje på val
ikkje på val
ny 2 år
attval 2 år

Martin Nessen
Gunn Inger Sture
Øyvind Vatshelle
Charlotte Nordahl
Kristin Mills

Ungdomsgruppa

medlemmer ny 1 år
ikkje på val
ny 2 år

Borghild M. Opdahl
Johanna Mjeldheim
Sverre Sundvor

Barnelaget

leiar ny 1 år
ikkje på val
attval 2 år
Vigleik Solvang
Berit Røgelstad

Bunadskontakt

vara attval 1 år
attval 1 år
Øystein Ask
Ingen

Kor e tonen

leiar ny 1 år
medlemmer utfylling 1 år
attval 2 år
vara attval 1 år
attval 1 år
Ragnhild Berg
Bjørn Feltens
Cily Samuelson
Tone Iren Løland
Øyvind Vatshelle

Gimlingane

leiar attval 1 år
utfyllingsval, 1 år
attval 2 år
Gunn Wergeland
Jostein Velure
Laila Årdal

Teater

leiar attval 1 år
medlemmer ikkje på val
ny 2 år
Atle Falk
Ida Kleppe

Blad og blest

leiar attval 1 år
medlemmer ikkje på val
ikkje på val
ny 2 år
ny 2 år
Oddbjørn Haugen
Tordis M. Espeland
Kjell G. Søholt
Agnete Lind
Birgit Kårbø

Fond og eigeidom

leiar attval 1 år
medlemmer ikkje på val
utfyllingsval 1 år
attval 2 år
ny 2 år
Ragnar Nesdal
Torggrim Ljones
Petter Rysst
Arne Rasmussen
Jill Iren Berge

Hyttenemnda

leiar attval 1 år
medlemmer attval 2 år
ikkje på val
Knut Malkenes
Ingvild Hovland
Martin Nessen

Kyrkjenemndi

repr. attval
vara ny
Skjalg Halmøy
Oddrun Samdal

Bygdelagsn.

repr. attval
ny
vara ny
Eldbjørg Gunnarson
Oddrun Samdal
Endre Brunstad

Ettersyn

2 personar	attval 1 år	Jorun Moklev
	attval 1 år	Halvor Røyset
vara	attval 1 år	Åslaug Trageton

Valnemnda

ny 1 år	Sverre Sundvor
attval 1 år	Ingunn Røstbø
attval 1 år	Stig Vaular
attval 1 år	Hans Nyeggen
ny 1 år	Kårmund Myklebost

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Ljones, Steinar Kyrkjebø, Knut Malkenes, Endre Kleiveland, Eldbjørg Gunnarsson, Øystein Erstad, Vegard Opheim, Grete Oline Hole, Steinar Kyrkjebø, Norvald Erstad, Stig Vaular, Hilde H. Erstad, Hans Nyeggen, Torgrim Ljones og Oddrun Samdal.

Utsettingar til årsmøte i fylkes og landsorganisasjonane vert spurd i kronologisk rekkefølge:

Utsettingar, hm, 3.-4. mars 2007, Lindås (me kan ha 4 utsettingar)

1. Endre Brunstad	2. Kjell G. Søholt	3. Oddbjørn Haugen	4. Sigrid Ølmheim
5. Torgrim Ljones	6. Steinar Kyrkjebø	7. Eldbjørg Gunnarson	8. Ingvild K. Vevle

Utsettingar, HU, 17. mars 2007, Bergen (me kan ha 5 utsettingar)

1. Vegard Opheim	2. Gunn Inger Sture	3. Endre Kleiveland	4. Borghild Opdahl
5. Bjørn Feltens	6. Atle Falk	7. Øvind Vatshelle	8. Martin Nessen
9. Kari Færevaaag	10. Ragnhild Berg	11. Håvard Ims	12. Charlotte R. Nordahl

Utsettingar, NM, 27.-29. april 2007, Værnes (me kan ha 4 utsettingar)

1. Oddbjørn Haugen	2. Kjell G. Søholt	3. Torgrim Ljones	4. Sigrid Ølmheim
5. Eldbjørg Gunnarson	6. Eli Randmo	7. Ingvild K. Vevle	

Utsettingar, nu, 24.-25.juni 2007, Oslo (me kan ha 4 utsettingar)

1. Håvard Ims	2. Borghild Opdahl	3. Martin Nessen	4. Tordis M. Espeland
5. Gunn Inger Sture	6. Endre Kleiveland	7. Atle Falk	8. Ragnhild Berg

Utover dette har styret fullmakt til å spørre andre medlemar, til å vere utsettingar frå laget.

Ordstyrarane takka for seg, og gav ordet til Vegard Opheim. Vegard takka ordstyrarane for jobben. Han takka også tillitsvalde som gjekk ut av verva sine, for god innsats.

Deretter avslutta han møtet med innbyding til opningsfest av nytt møterom og kontor i 1. etg., i løpet av våren!!

Vegard takka for godt årsmøte og ønska vel heim.

Årsmøteslutt 22.30

Skrivarar: Sverre M. Sundvor og Gro Vetås

Kjell Gudmund Søholt

Ingvild K. Mehl